

## Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.09.2014

### ORIENTERINGAR

Byggeprogram for trafikksikringsposten. Orientering om prosessen med utarbeidninga av dei årlege byggeprogramma for trafikksikringsposten ved Tor Høyland frå Statens vegvesen.

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Administrasjonen orienterte om bakgrunnen og prosessen med den nye tilskotsordninga. Saka vart handsama av FTU i juni, og det vart gjort følgjande vedtak:

1. Askøy kommune vert tildelt 160.000 kr i tilskot til av/påstigningslomme ved Strusshamn skole.
2. Bømlo kommune vert tildelt 105.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Buhammarvn./Skiftesvn.
3. Eidfjord kommune vert tildelt 56.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Lægreidsv./Kyrkjev./Skulev.
4. Lindås kommune vert tildelt 66.500 kr i tilskot til gjerde på Krossleitet og fartshumpar i Kolåsvn.
5. Os kommune vert tildelt 155.458 kr i tilskot til opphøgd gangfelt i Kolskogheiane/Industrivn.
6. Osterøy kommune vert tildelt 120.000 kr i tilskot til to trafikksikringstiltak i Lonevåg.
7. Stord kommune vert tildelt 175.000 kr i tilskot til fotgjengartiltak i Sætravikkr./Tjødnalio.
8. Sveio kommune vert tildelt 12.800 kr i tilskot til fartshumpar i Hovåsvn.
9. Sund kommune vert tildelt 63.700 kr i tilskot til fjellsikring på Skoge.
10. Voss kommune vert tildelt 140.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak i Gullfjordungvn. og på Tvildemoen.
11. Kvam herad vert tildelt 28.000 kr i tilskot på til bom og skilting i Øystese.

Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland. Arbeidet med programmet for konferansen nærmar seg slutten. Det kom innspel på at ein kunne tenkje seg eit innlegg om sykkel på konferansen.

Trafikksikker skule – Knappskoq skule. Knappskoq skule er no sertifisert som Trafikksikker skule som den fyrste i Hordaland. Det vert lagt opp til ei markering av dette på skulen i løpet av hausten, og på Trafikksikringskonferansen for kommunane.